

# RAPPORTERING PÅ TILSKOT «KULTUR AMATØR» SAKSNUMMER 2016/2418

## Besøksveker med Young Peace Performers og Ten Sing Norway

### Gjennomføring:

I veke 22 (29.mai-3.juni 2016) var eittåringsprogrammet Young Peace Performers (YPP) på besøksveke i Bergen. Dei hadde base i Åsane kyrkje, der dei også overnatta. YPP er KFUK-KFUM Global sitt utvekslingsprogram for unge vaksne i alderen 19-25 år. YPP 2015/2016 hadde 15 deltagarar frå 4 land (Noreg, Kenya, Tanzania og Madagaskar). Som ein del av sin Noregsturne våren 2016 kom dei på besøk til Bergen og var her i 5 dagar. YPP var då på besøk til ungdomsgrupper (Speidar- og Ten Sing grupper) der dei hadde opplegg med workshops, samtale, erfaringsdeling og dialog. Hovudtemaet som gruppa jobba med er etisk handel. YPP var i kontakt med mange ungdomsgrupper i KFUK-KFUM og kyrkjelydar og reiste på besøk til dei som ønskte dette. YPP var også på skulebesøk til Breimyra skole og hadde opplegg for tre 8.klassar. YPP besøkte også Raftostiftelesen og var med på eit kursopplegg der. I tillegg deltok YPP på ulike aktivitetar i Åsane menighet gjennom veka.

Helga 5.-7.november 2016 var Ten Sing Norway på besøk i Bergen. Planen for besøket var at det skulle vere seminardag på dagtid søndag og show/konsert med Ten Sing Norway på kvelden. Det vart sendt ut invitasjon til 30 KFUK-KFUM ungdomsgrupper og til kyrkjelydane i Bergen og omegn med invitasjon til seminardagen. Av ulike grunnar var det dessverre berre ei gruppe som meldte om interesse for seminardagen

I staden for seminardag så vart det då laga eit alternativ program for søndagen, der dei deltagarane frå Ten Sing Norway som ønskte det kunne ta seg ein tur på Fløien og oppleve Bergen, før dei alle vart samla til felles lunsj på Ynglingen. Resten av ettermiddagen vart brukt til førebuingar og klargjering til show/konsert på kvelden. Søndagskveld klokka 19:00 var det konsert med Ten Sing Norway i ei fullsett St. Jakob kyrkje. De var eit variert samansett publikum, men med overvekt av ungdommar, studentar og unge vaksne. Det var om lag 150 publikummarar tilstade, pluss Ten Sing Norway og teknisk crew. Ten Sing Norway leverte eit fantastisk show med song, musikk, dans og drama, samt foto- og videoinnslag. Konserten hadde temaet «En lys ide» og handla om det å vere ung i dag og kva Ten Sing ideologien er. Ten Sing Norway presenterer showet sitt slik:

«TEN SING NORWAY 16/17 PRESENTERER ‘EN LYS IDÉ’

Hva er Ten Sing? I vårt show tar vi utgangspunkt i Ten Sing ideologiens tre K-er: Kultur, Kreativitet og Kristus. Med dette som utgangspunkt ønsker vi å peke på ulike aspekter ved dagens ungdomskultur. Hvordan er det å være ung i 2016, og hvilken rolle kan Ten Sing og Kristus spille i hverdagen? Gjennom musikk, dans, drama, media og mer prøver vi i Ten

Sing Norway 16/17 å sette i gang tanker rundt disse spørsmålene. Velkommen til vårt show: "En lys idé"!»

Alt i alt vart dette ei veldig bra helg, sjølv om programmet ikkje vart så tettpakka som planlagt. Ungdommane som var på showet storkosa seg, gav veldig gode tilbakemeldingar, og sette stor pris på at det var høve til å vere igjen i kyrkja litt etter konsertslutt for å snakke med Ten Sing Norway deltagarane.

Ten Sing Norway er KFUK-KFUM sitt eittåringsprogram, og eit av «flaggskipa» våre. Dei er elevar ved Rønningen Folkehøgskole i Oslo, og har Ten Sing Norway som eiga linje med fordjupning i m.a. band, vokal, dans og drama, i tillegg til fellesundervisning i emne som leiartrening, forkynning, tru og refleksjon. Året byr på ei god blanding av teori og praksis i leiartrening, leiarutvikling og musikalsk utvikling. Ten Sing Norway skaper mykje glede, inspirasjon og engasjement i KFUK-KFUM, både for ungdommane våre og våre frivillige medarbeidarar. Derfor er eit besøk av Ten Sing Norway både eit viktig verktøy og metode i vårt programarbeid.

Informasjon om Ten Sing Norway show: <http://kfuk-kfum.no/kalender/ten-sing-norway-show>

Informasjon om Ten Sing Norway seminardag: <http://kfuk-kfum.no/kalender/seminardag-i-bergen-med-ten-sing-norway>

### **Avvik:**

Vi søkte om støtte til dette arrangementet innan søknadsfristen 1.april 2016. Då YPP var på besøk hos oss i mai/juni hadde vi ikkje fått denne søknaden innvilga, og dermed har vi ikkje reklamert i informasjonsmateriell, ei heller hatt informasjon på heimesida vår, facebookside m.m. om at arrangementet er støtta av Kultur Amatør tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Vi håper at desse avvika ikkje vil telje negativt for oss ved eventuelle framtidige søknadar, då tilsgagnsbrev frå Fylkeskommunen kom i sommar og utbetaling av tilskotet skjedde i september.

### **Prosjektrekneskap:**

#### **Inntekter**

Tilskot frå Hordaland Fylkeskommune	10000
Billettinntekter TSN konsert kontantsal	11900
Billettinntekter TSN konsert Sping	2150
Støtte frå Bispedømet	0
Støtte frå hovudforeiningar	0 ikkje søkt
Einingsbesøksavgifter	0 vart ikkje gjennomført
<i>sum inntekter</i>	24050

**Utgifter**

Sping avgift 1,4%	30,1
Honorar TSN	8000
Lokalleige	2530
Leige av teknisk utstyr	1000
Leige av mikrofonpakke TSN	500
Tono avgifter	2000 faktura ikkje mottatt
Transportkostnadar	1008
Mat	2921,44
Estimerte lønskostnadar og admin.kostnadar	6000
<b>sum utgifter</b>	<b>23989,54</b>

Balanse 60,46

**Kommentarar til prosjektrekneskap:**

YPP: Prosjektrekneskapet viser noko lågare kostnadars enn budsjettert, på grunn av vi fekk til ein god avtale med Åsane menighet om overnatting i kyrkja for YPP, mot at YPP var med i ungdomsarbeidet og hadde programpostar i ungdomsarbeidet denne veka.

**Ten Sing Norway:**

Vi hadde håpa at vi skulle kunne ha besøk av Ten Sing Norway ei heil veke då vi søkte om tilskot til dette prosjektet, men på grunn av Noregsturnekabalen for hausten 2016 vart det eit helgebesøk, og dermed også noko totalt sett lågare kostnadars enn budsjettert. Vi fekk også ordna med overnatting i vertsfamiliar for Ten Sing Norway deltakarane.

Lønskostandars som er lagt inn i budsjettet er kostandars knytt til dagleg leiar sitt ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av arrangementa i samarbeid med frivillige medarbeidrarar. Lønskostnadane er estimert med tanke på kor mykje arrangementet kan bidra til dekking av kretsen sine lønskostnadar, og ikkje ein reell sum for kor mykje tid dagleg leiar brukar på arrangementet i form av planlegging, gjennomføring og etterarbeid.